



Lærdal
kommune

«Du ser det ikkje før du trur det»

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2023-2027



Grøne
Lærdal

FORORD

«Barn og voksne skal ikke leve i utrygghet i sine egne hjem i frykt for personer de i utgangspunktet anser som sine nærmeste. Vi kan ikke godta at for noen er borte best fordi volden gjør hjemmet til et farlig sted. Alle skal ha friheten og muligheten til å leve trygge liv.»
(Justis- og beredskapsdepartementet, 2021 s. 4)

Vald i nære relasjonar er eit samfunns- og folkehelseproblem som rammar uavhengig av kor i landet ein bur. Ein veit òg at det skjer i alle typar familiar uavhengig av kulturell bakgrunn og utdanning. Lærdal kommune har ein nullvisjon om vald i nære relasjonar.

Ein handlingsplan vil hjelpe det kommunale tenesteapparatet med å auke innsatsen, kunnskapen og handlingskompetansen i forhold til vald i nære relasjonar. Handlingsplanen sett vald i nære relasjonar på dagsorden. På den måten vil planen bidra til å nå kommunen sin målsetting om å førebyggje, avdekke og stoppe vald i nære relasjonar mot personar i Lærdal kommune. Arbeidet er sektorovergripande og krev innsats frå fleire tenesteytarar i alle fasar, difor er det viktig at arbeidet vert systematisert og kvalitetssikra gjennom denne planen. Det vil føre til auka handlingskompetanse hjå alle tilsette når det gjeld vald i nære relasjonar. Det er òg eit mål å gjere handlingsplanen og hjelpetilbod lett tilgjengeleg for innbyggjarar i Lærdal kommune slik at alle veit at hjelpetilbod finnast.

Innhald

FORORD	2
Liste over satsingsområde og tiltak.....	6
1. Innleiing	8
2. Mål.....	9
2.1 Målgruppe:	9
2.2 Mål frå samfunnsdelen i kommuneplanen for Lærdal kommune som denne handlingsplanen har teke utgangspunkt i.....	9
2.3 Andre samfunnsorienterte mål	10
2.4 Organisatoriske mål.....	10
2.5 Brukarorienterte mål.....	10
3. Rettar og pliktar.....	10
3.1 Avverjeplikt:.....	10
3.2 Teieplikt	10
3.3 Opplysningsplikt og meldeplikt til barnevernstenesta.....	11
3.3.1 Meldeplikta.....	11
3.3.2 Opplysningsplikta	11
3.4 Anonymitet.....	11
3.5 Melding til politiet	12
3.6 Privatpersonar si plikt til å handle.....	12
3.7 Barnekonvensjonen.....	12
3.8 Rett til medverknad.....	12
4. Vald i nære relasjonar	13
4.1 Definisjon på vald	13
4.2 Definisjon på «nære relasjonar»	13
4.3 Kva kjenneteiknar vald i nære relasjonar?	14
4.4 Ulike formar for vald	14
4.4.1 Fysisk vald	14
4.4.2 Psykisk vald.....	14
4.4.3 Seksuelle overgrep	14
4.4.4 Seksuelle overgrep og vald mot barn	15
4.4.5 Omsorgssvikt	15
4.4.6 Kjærastevald	16
4.4.7 Latent vald	16
4.4.8 Økonomiske overgrep	16
4.4.9 Materielle overgrep og vald mot kjeledyr	16
4.4.10 Nettovergrep/digital vald	16
4.4.11 Negativ sosial kontroll	17

4.4.12 Tvangsekteskap	17
4.4.13 Kjønnslæstelse	17
4.4.14 Æresrelatert vald	17
5.Sårbare grupper.....	18
5.1 Kvinner.....	18
5.2 Born og ungdom	18
5.3 Eldre.....	18
5.4 Personar med fysisk og/eller psykisk funksjonsnedsetting.....	19
5.5 Menneskje med innvandrarbakgrunn	19
5.6 Menneskje i aktiv rus eller med psykiske plagar	19
5.7 Vald mot dyr	19
6.Satsingsområde	20
6.1 Allereie eksisterande tiltak i Lærdal kommune	21
6.1.1. Årleg undervisning med NOK (kompetansesenter om seksuelle overgrep)	21
6.1.2 Undervisning om kropp og seksuell helse i skulen.....	21
6.1.3 Tverrfagleg undervisning i barnehagane.....	21
6.1.4 Undervisningsopplegget delbart	21
6.1.5 Politiråd og SLT koordinator	22
6.1.6 Foreldrestøttande tiltak	22
6.1.7 BTI- betre tverrfagleg innsats	22
6.1.8 Kurs for legevaktspersonell	23
6.1.9 Førebyggjande heimebesøk til eldre	23
6.2 Satsingsområde 1: Førebyggjande tiltak, tidleg innsats og auka tverrfagleg samarbeid.....	23
Nye førebyggjande tiltak på universelt nivå:	24
6.2.1. Tidleg inn – opplæringsprogram	24
6.2.2. Program for å styrkje det psykososiale miljøet i skulen	25
6.2.3 Tverrfagleg undervisning i skulen.....	25
6.2.4 I trygge hender- førebygging av vald i nære relasjonar og filleristing av baby	25
6.2.5 Undervisningsprogramma «Eg veit», «Snakke med» og «Trygg til handling»	25
6.2.6 Foreldrenettverk.....	26
6.2.7 Kompetanseheving.....	27
6.2.8 Dinutvei.no	28
6.2.9 Nettside med informasjon om hjelpetilbod og tenester i kommunen	28
6.2.10 Informasjon om vald i nære relasjonar til befolkninga	28
6.2.11 Ta opp tema vald i nære relasjonar på personalmøte eller fagdagar minst ei gong i året	29
Nye selektive førebyggjande tiltak:	29
6.2.12 Trafikklysmoellen og seksuelladferd.no	29
6.2.13 TryggEst	29

6.2.14 Tverrfaglege drøftingsteam/BTI team.....	31
6.3 Satsingsområde 2: Avdekking av vald i nære relasjonar og likeverdige og samanhengande bistand.....	31
6.3.1 System for likeverdige og samanhengande bistand.....	32
6.3.2 Rutinar og prosedyrar i dei ulike einingane	32
6.3.3 Handlingsretteiar	33
7. Plan for implementering	34
8. Lovar og konvensjonar	35
8.1 Sentrale nasjonale føringar	35
8.2 Fastsetjingar om samarbeid mellom aktuelle instansar	36
8.3 FNs bærekraftsmål.....	36
9. Hjelpetilbod og kontaktopplysningar	37
10. Ressursar og hjelpemiddel	37
11. Litteraturliste.....	38
Handlingsretteiar ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot barn og unge:.....	40
Handlingsretteiar ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot vaksne og eldre.....	42

Liste over satsingsområde og tiltak

[Lokal handlingsrettleiar ved mistanke om vald i nære relasjonar](#)

[Nasjonal valdsrettleiar til tilsette i helse og omsorgstenestene](#)

Liste over allereie eksisterande førebyggjande tiltak i Lærdal kommune

Allereie eksisterande tiltak:	
Tiltak	Ansvar:
Årleg undervisning med NOK i 6. klasse	Einingsleiar Lærdalsøyri skule, einingsleiar oppvekst Borgund, kontaktlærer for 6. klasse, helsesjukepleiar, NOK.
Undervisning om kropp og seksuell helse i skulen	Skulehelsetenesta, kontaktlærer
Tverrfagleg undervisning om kropp, vennskap og hemmelegheiter i barnehagen	Politiet, Einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, einingsleiar Lærdalsøyri skule
Undervisningsopplegget Delbart? I skulen	Politiet, skulehelsetenesta, skulane
Politiråd og SLT koordinator	Kommuneleiing
Foreldrestøttande tiltak	Prosjektleiar «Tett på born og unge»
BTI- betre tverrfagleg innsats	Prosjektleiar «Tett på born og unge», alle einingsleiarar i helse og oppvekst
Kurs for legevaktspersonell	Einingsleiar helse
Førebyggjande heimebesøk til eldre	Einingsleiar pleie og omsorg

Satsingsområde 1 – Førebyggjande tiltak på universelt nivå	
Tiltak:	Ansvar:
Opplæringsprogrammet «Tidleg inn»	Prosjektleiar «Tett på born og unge i Lærdal», einingsleiar helse, einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, einingsleiar oppvekst Borgund
Program for å styrkje det psykososiale miljøet i skulen	Rådgjevar oppvekst, einingsleiar Lærdalsøyri skule, einingsleiar oppvekst Borgund
Tverrfagleg undervisning i skulen	Politi, barnevernstenesta, skulehelsetenesta
Informasjonsfilmen «I trygge hender»	Leiande helsesjukepleiar, prosjektleiar «Tett på born og unge i Lærdal»
«Eg veit», «Snakke med» og «Trygg til handling»	Einingsleiar for oppvekst Borgund, styrar Borgund barnehage, einingsleiar for Lærdalsøyri skule, einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal», rådgjevar oppvekst. Prosjektleiar for Tett på skal vere initiativtakar til opplæringa.
Foreldrenettverk	Politiet, prosjektleiar for «Tett på born og unge»
Kompetanseheving i samarbeid med RVTS, KORUS og RKBU	Prosjektleiar «Tett på born og unge», rådgjevar oppvekst, rådgjevar helse
Dinutvei.no	Rådgjevar oppvekst, rådgjevar helse
Informasjon om hjelpetenester til born og vaksne	Prosjektleiar «Tett på born og unge»
Ta opp tema vald i nære relasjonar på personalmøte eller fagdagar minst ei gong i året	Einingsleiarane

Satsingsområde 1- selektive førebyggjande tiltak	
Tiltak	Ansvar
Trafikklysmodellen og seksuelladferd.no	Prosjektleder for «Tett på born og unge i Lærdal», einingsleiar Lærdalsøyri skule, einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, einingsleiar oppvekst Borgund, styrar Borgund barnehage
TryggEst	Rådgjevar helse, prosjektleder «Tett på barn og unge i Lærdal», SLT koordinator
Tverrfaglege konsultasjonsteam	Prosjektleder «Tett på born og unge i Lærdal»

Satsingsområde 2- Avdekking av vald i nære relasjonar og likeverdig og samanhengande bistand	
Tiltak:	Ansvar:
System for likeverdig og samanhengande bistand <ul style="list-style-type: none"> • BTI • TryggEst 	Prosjektleder «Tett på born og unge», alle einingsleiarar i helse og oppvekst, rådgjevarar for helse og oppvekst
Rutinar og prosedyrar i dei ulike einingane	Alle einingsleiarar i oppvekst, helse, omsorg, bu og miljø, NAV
Handlingsretteleiar	Alle tilsette

1. Innleiing

Rapporten «*Omfang av vold og overgrep i den norske befolkninga*» frå 2023 syner at om lag 1 av 10 kvinner har blitt utsett for alvorleg partnervald. Dette inneberer slag med knyttneve eller hard gjenstand, spark, blitt teken kvelartak på, banka opp, truga med våpen eller angripe fysisk på andre måtar. Av desse rapporterte 9 av 10 i tillegg at dei har opplevd kontrollerande åtferd frå partner (Dale, M. T. G., 2023, kap. 8). 1 av 20 kvinner rapporterte om at dei hadde blitt utsett for valdtekt ved makt og tvang av partner. I tillegg er omkring kvart fjerde drap i Noreg partnardrap (Justis- og beredskapsdepartementet 2021).

Når det gjeld vald og overgrep i barndommen oppgav 1 av 10 å ha blitt utsett for alvorleg fysisk vald i barndommen av person i barnets omsorgssituasjon, som regel mor eller far. 1 av 10 rapporterte om omsorgssvikt og 1 av 5 oppgav å ha blitt utsett for ein eller annan form for seksuelt overgrep før fylte 18 år, i desse tala er det inkludert overgrep både frå foreldre, andre familiemedlemmar og personar utanfor familien. Samla sett så syner rapporten at 1 av 4 hadde opplevd *minst* ein type alvorleg barndomsvald (Augusti, E-M., 2023, kap. 9).

Tala syner at vald i nære relasjonar skjer i alle kommunar og i alle samfunnslag uavhengig av utdanning og sosioøkonomisk status. Vald i nære relasjonar er eit samansett og alvorleg samfunns- og folkehelseproblem som har store konsekvensar for einskildindividet og samfunnet. Å bli utsett for, eller vere vitne til vald i nære relasjonar kan skape varige fysiske og psykiske skadar som påverkar livskvalitet og dagleg fungering. Undersøkingar syner blant anna at det å vere utsett for vald i nære relasjonar som barn gjev større risiko for krenkingar frå jamaldrande, som til dømes mobbing. Me veit òg at mange fell ut frå opplæring, må ha varig oppfølging av helsevesenet eller står utanfor arbeidslivet som følgje av vald i nære relasjonar. Noko som i tillegg til ei stor belastning for den einskilde fører til store samfunnsøkonomiske kostnader.

Kommunen er etter helse- og omsorgstenestelova § 3-3 a, pliktig til å førebyggje, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep. Krisesenterlova § 4 forpliktar kommunen til å sørge for samordna oppfølging av valdsutsette både i krisesenter og i andre tenester. Det er ei anbefaling frå regjeringa at kommunane har ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

Handlingsplanen må også sjåast i samanheng med andre planar for Lærdal kommune

- Kommuneplanens samfunnsdel
- Kommunedelplan for helse, omsorg og folkehelse og kommunedelplan for oppvekst
- Førebyggjande plan for barn og unge
- Prosjektplan for «Tett på born og unge i Lærdal»
- Prosjektplan for BTI – betre tverrfagleg innsats
- Kommunen sitt arbeid for å sikre barns rettigheter i samhøve med barnekonvensjonen.

Sentrale tema satsingsområde i handlingsplanen er:

1. Førebyggjande tiltak
2. Avdekking av vald i nære relasjonar og likeverdige og samanhengande bistand

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar er ein overordna tverrfagleg plan. Alle sektorar og einingar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre gjennomføring av tiltak og å utvikle rutinar for arbeid med vald i nære relasjonar innanfor sitt område.



(henta frå Pixabay.com)

2.Mål

2.1Målgruppe:

Vald i nære relasjonar må sjåast i eit livsløpsperspektiv og ha tiltak og hjelpetilbod tilpassa alle aldrar. Handlingsplanen skal vere Lærdal kommune sitt verktøy for eit heilskapleg arbeid mot vald i nære relasjonar. Tiltaka i denne handlingsplanen er spesielt utvikla for å førebyggje, avdekke og følge opp barn, unge og risikoutsette vaksne. Risikoutsette vaksne er: Personar med funksjonsnedsetting, personar med utviklingshemming, eldre, personar med rusavhengigheit og personar med fysiske lidningar, psykiske helseplagar eller psykiske lidningar. Mange av dei førebyggjande tiltaka er for born i barnehage og skulealder, det er difor grunn til å meine at tiltaka også eignar seg for å førebyggje at born i vaksne alder utøvar vald mot andre.

Handlingsretteleiarane som er utvikla i denne handlingsplanen er utvikla for å gjere tilsette og andre innbyggjarar i stand til å avdekke og følgje opp der det er grunn til å tru at nokon vert utsett for vald i nære relasjonar.

2.2 Mål frå samfunnsdelen i kommuneplanen for Lærdal kommune som denne handlingsplanen har teke utgangspunkt i

- Sikre best mogleg folkehelse med dei ressursane som er tilgjengelege i kommunen.
- Utjamne sosiale helseskilnader.
- Lærdal kommune skal vera ein god plass å veksa opp i.

2.3 Andre samfunnsorienterte mål

- Gjennom aktivt informasjonsarbeid og ved å setje temaet på dagsorden i kommunen skal det auke handlingskompetansen til både tilsette og andre innbyggjarar i Lærdal kommune når det gjeld vald i nære relasjonar.
- Alle innbyggjarar i kommunen skal få god kunnskap om kva vald i nære relasjonar er og på den måten har ressursar tilgjengeleg for å kunne melde i frå viss dei vert utsett for alvorlege hendingar.

2.4 Organisatoriske mål

- Alle tilsette i Lærdal kommune skal ha klare rutinar og system for å førebygge, avdekke og stoppe vald i nære relasjonar.

2.5 Brukarorienterte mål

- Dei som opplever eller står i fare for å bli utsett for vald i nære relasjonar skal få den støtte og hjelp dei treng for å få eit trygt liv utan vald.
- Gjennom førebyggjande- og haldningsskapande arbeid og god informasjon om vald i nære relasjonar er målet å senke terskelen for at innbyggjarane får og ber om hjelp.
- Gjennom førebyggjande tiltak og tidleg innsats retta mot barn, ungdom og foreldre/føresette er målet å førebyggje at innbyggjarar i Lærdal kommune utøver vald og overgrep mot andre.

3. Rettar og pliktar

Under følger ei oversikt over viktige rettar og pliktar i arbeidet med vald i nære relasjonar. Les meir om overordna lovverk og konvensjonar i kapittelet [«Lovar og konvensjonar»](#).

For oversikt over alle brukarrettigheter og fagspesifikke lovverk sjå:

<https://komplan.nkvts.no/lovverk/lovverk/>

3.1 Avverjeplikt:

Ved enkelte formar for vald eller overgrep har alle ei plikt til å avverje. Dette gjeld både om ein er fagperson å jobbar med menneskje og har teieplikt eller som privatperson. Avverjeplikta er eit personleg ansvar og er heimla i straffelova § 196 og utløysast i det du får kunnskap om at ein handling vil skje eller trur det er mest sannsynleg at handlinga vil skje. Dersom handlinga allereie har skjedd har ein plikt til å forhindre skadar eller konsekvensar av den. Det same gjeld dersom det er fare for gjentaking av hendinga.

Ein kan avverje ved å varsle politi, barnevern eller på annan måte forhindre at handlinga skjer ved å hjelpe den utsette i sikkerheit, for eksempel på kritesenter eller på sjukehus.

Døme på vald- og seksuallovbrot ein har plikt til å avverje (lista er ikkje uttømmande):

Tvangsekteskap, grov fridomsrøving, menneskehandel, kroppsskade, ekteskap med nokon under 16 år, drap, mishandling i nære relasjonar, grov mishandling i nære relasjonar, kjønnslemlestelse, avretting i hjelpelaus tilstand, valdtekt, misbruk av overmaktsforhald, valdtekt og seksuell omgang med born (plikt.no 2023).

Avverjeplikta går alltid føre teieplikta.

Les meir på: <https://plikt.no/#avvergingsplikt>

3.2 Teieplikt

Alle som jobbar i offentlig forvaltning eller som handlar på vegne av stat eller kommune har teieplikt. Dette er heimla i forvaltningslova § 13. Nokre yrkesgrupper har i tillegg særskilt teieplikt gjennom

ulike særlovar som for eksempel helsepersonellova. Som hovudregel skal offentlege tilsette innhente eit informert samtykke frå vedkommande som mottar hjelp til for å kunne ta kontakt med eller samarbeide med andre delar av hjelpeapparatet. Teieplikta skal aldri vere til hinder for å melde i frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at born eller vaksne vert utsett for eller lever i relasjonar der dei vert utsette for:

- Vald
- Seksuelle overgrep og/eller valdtekt
- Tvangsekteskap
- Kjønnsmlemling
- Drap
- Grov fridomsrøving
- Avretting i hjelpelaus tilstand
- Omsorgssvikt

Dersom ein er usikker på korleis ein skal gå vidare med ei sak er teieplikta heller ikkje til hinder for å drøfte ei sak anonymt med politi eller barnevernstenesta (Helsedirektoratet 2022).

3.3 Opplysningsplikt og meldeplikt til barnevernstenesta

Ein har plikt til å melde i frå til barnevernstenesta dersom ein:

- Er offentlig tilsett eller utførar oppgåver for det offentlege
- Er yrkesutøvar med profesjonsbestemd teieplikt

3.3.1 Meldeplikta

Meldeplikta og opplysningsplikta er heimla i barnevernlova § 13-2 og er eit personleg ansvar og går føre teieplikta. Er du bekymra, er du pålagt å melde i frå. Ein vert ikkje fritteken frå plikta ved at andre, for eksempel samarbeidande part eller overordna også kjenner til opplysningane.

Det er verksemda sine eigne rutinar som skal nyttast når ein tilsett skal sende melding til barnevernstenesta.

Ein har plikt til å melde frå til barnevernstenesta:

- Når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for seksuelle overgrep, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller utsett for annan omsorgssvikt.
- Når det er grunn til å tru at eit born har ei livstruande eller alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling.
- Når det er grunn til å tru at eit born med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekt et særlege behovet sitt for behandling eller opplæring.
- Når eit barn har vist alvorlege åtferdsvanskar ved å gjere seg skuldig i alvorlege eller gjentekne lovbrøt, ved problematisk bruk av rusmiddel, eller ved å ha vist anna for utprega normlaus åtferd
- Når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel.

(Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet 2023).

3.3.2 Opplysningsplikta

Ein pliktar å gje opplysningar til barnevernstenesta når dei ber om det.

3.4 Anonymitet

Offentlege tilsette som gjennom sitt virke vert bekymra for eit born eller ungdom har ikkje moglegheit til å melde anonymt.

3.5 Melding til politiet

Dersom det er grunn til å tru at det er fare for liv og helse skal politiet kontaktast, dette følgjer av straffelovas § 196 om avverjeplikt. Dette gjeld i alle situasjonar der det er grunn til å tru at det er fare for liv eller helse, altså at nokon kan bli skada eller drepen. Både om det er snakk om born og vaksne.

Direktenummer til politiet: 02800

Nødnummer: 112

Er det born involvert skal også barnevernstenesta kontaktast.

Telefonnummer til barnevernsvakta: 90 21 34 81

3.6 Privatpersonar si plikt til å handle

Viss ein som privatperson veit eller trur at nokon vert utsett for vald eller seksuelle overgrep har ein avverjeplikt. Den gjeld for alle, uavhengig om ein er offentleg tilsett eller ikkje.

Dersom ein som privatperson er bekymra for eit born, men det ikkje er grunn til å tru at det er fare for liv eller helse, kan ein som privatperson melde til barnevernstenesta med fullt namn, eller anonymt.

3.7 Barnekonvensjonen

I vurderingar og handlingar som gjeld barn og ungdom skal det grunnleggjande argumentet vere barnet sitt beste, jf. Barnekonvensjonen sin artikkel 3 nr 1. Dersom du er usikker på kva du ser, men vurderer at det er naudsynt at nokon ser nærare på saka, kan med vere at meldeplikta er utløyst. Melding, eventuelt anonyme drøftingar for å avklare meldeplikta, bør då alltid finne stad.

3.8 Rett til medverknad

Alle barn og unge har rett til å bli høyrd i sakar som omhandlar dei. For å snakke om vald eller overgrep treng ofte barn støtte og forståing frå vaksne og det er viktig at den vaksne har god bakgrunnskunnskap om temaet for å vere trygg i samtala.



(Henta frå pixabay.com)

4. Vald i nære relasjonar

4.1 Definisjon på vald

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.» (Isdal, P. på <https://dinutvei.no/vold-i-naere-relasjoner/hva-er-vold-definisjoner/>)

4.2 Definisjon på «nære relasjonar»

I arbeidet med vald i nære relasjonar vert det også viktig å definere kva som er nære relasjonar. Det er fort å tenkje at nære relasjonar eine og åleine er familiære relasjonar, men omgrepet er større enn som så.

«Straffelova § 282 definerer nære relasjonar som noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar, noverande eller tidlegare ektefelles eller sambuars slektning i rett eller nedstigande linje, slektning i rett oppstigande linje, nokon i sin husstand eller nokon i sin omsorg.»

Det vil seie at nære relasjonar i tillegg til å omfatte noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar også omfattar søsken, born, foreldre, besteforeldre og barnebarn. Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (2023) inkluderer også storfamilie, partner, kjærasterelasjonar og personar i bufellesskap som nære relasjonar. Det vert også gjort i denne handlingsplanen.

«...og den omfattar også barn som er vitne til volden. Negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse faller også inn under begrepet.» (Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress 2023).

Det er viktig å hugse på at: «*vold også kan være fravær av handlinger i form av fysisk og emosjonell neglisjering og omsorgssvikt*» (WHO 2002 i Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress 2023).

4.3 Kva kjenneteiknar vald i nære relasjonar?

Vald i nære relasjonar kjenneteiknast av at den utsette har ein nær relasjon til den som utøver valden. I tillegg til eit kjenslemessig band kan den utsette ofte vere økonomisk og materielt avhengig av valdsutøveren. Dette gjer det ekstra vanskeleg å bryte ut av relasjonen. Mange valdsutsette held valden skjult gjennom frykt, skam, isolasjon, manipulering og fornektning. Born som er vitne til eller blir utsett for vald er lojale mot foreldra eller dei andre vaksenpersonane i nær relasjon som utøver valden.

4.4 Ulike formar for vald

Vald i nære relasjonar kan ofte gå føre seg over tid og valden kan utøvast på mange måtar. I nokon relasjonar så skjer valden periodisk og kan for eksempel vere knytt til konflikhtar. I desse relasjonane påverkar valden relasjonen også i mellom episodane då den utsette ofte kan vera redd og tilpasse seg for å forhindre ei ny valdsepisode. Dette kallast latent vald. I andre relasjonar er valden kontinuerleg og gjennomsyrr kvar dagen. Valden kan ha mange formar. Mange valdsutsette opplever ein kombinasjon av dei ulike formane. I dagens samfunn har valden også ofte ein digital dimensjon der digitale plattformer nyttast til å krenke, kontrollere, true eller trakassere (justis- og beredskapsdepartementet 2021 s. 17).

Vidare kjem ei beskriving av dei ulike formane for vald. Beskrivingane er henta frå Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (2023). Beskrivingane er ikkje uttømmende.

4.4.1 Fysisk vald

Lista er ikkje uttømmende: Slå med flat hand eller knyttneve, slå med hard gjenstand, sparke, banke opp, skade med kniv eller anna våpen, bite, dytte, kaste, lugge, klype, dra, sleppe, riste, kvele, skâlde, forgifte, stenge inne eller binde fast.

4.4.2 Psykisk vald

Lista er ikkje uttømmende: Bebreide, fornedre, skremme, truge, isolere, kontrollere, terrorisere, ignorere, stigmatisere, utnytte eller latterleggjøre. Bildar eller utsegn av psykisk eller seksuell karakter som publiserast via internett, er også psykisk vald.

4.4.3 Seksuelle overgrep

Alle seksuelle handlingar utan samtykke frå begge partar som byggjer på tvang eller truslar om å skade den utsette eller andre som står vedkommande nær, eller viss den utsette er så rusa at vedkommande ikkje kan samtykke eller stoppe handlinga. Seksuelle overgrep kan også vere basert på misbruk av avhengigheitsrelasjon (misbruk av overmaktsforhald og liknande). I tillegg reknast alle seksuelle handlingar utført av ein vaksen mot eit born under 16 år som seksuelt overgrep. Valdtekt kan vere samleie, oral- eller analsex, å putte fingrar eller objekt i vagina eller anus. Andre formar for seksuelle overgrep kan vere berøring og beføling av eigne eller den andre sine kjønnsorgan, blotting, tvang til å sjå porno eller andre krenkande handlingar.

Ein bør vere oppmerksam på at vald i nære relasjonar blant ungdom i deira fyrste kjærasterelasjonar ofte dreiar seg om sex og intimitet, og at valden ofte utførast via digitale media. Det kan for eksempel vere press om seksuelle bildar, meldingar (sexting), hemnporno, kontroll via Facebook, eller sporing via mobilen og andre sosiale media.

4.4.4 Seksuelle overgrep og vald mot barn

Det er svært viktig at ein er kjenner til og er oppmerksom på teikn og symptom på at born og unge vert utsette for vald og seksuelle overgrep. Som fagperson må ein ha nok bakgrunnskunnskap til våge å tru at det kan skje vald og seksuelle overgrep mot barn for å kunne avdekke, gje støtte og handle på rett måte. Desto tidlegare eit born får hjelp, desto betre framtidsutsikter har barnet. For barn er nære relasjonar definert som:

«foreldrene, foreldrenes samboer, foreldrenes- eller foreldrenes samboers slektninger i rett oppstigende linje, andre i husstanden eller andre som har omsorg for barnet (straffeloven av 2005 § 282).»

«Det vil si at nære relasjoner også omfatter søsken, forelder og besteforeldre. I denne veilederen inkluderes også storfamilie, partner, kjærestere relasjoner og bofellesskap som nære relasjoner.» (Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress, 2023).»

Seksuelle overgrep mot born definerast som all seksuell omgang med born under 16 år. Med incest meinast:

«seksuell omgang mellom nære familiemedlemmer i nedstigende eller horisontal linje, eller mellom en voksen i en foreldrerolle og et barn, en definisjon som også omfatter ste- og adoptivforeldre.» (Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress, 2023).

Barnemishandling som omgrep spesifiserer at det er foreldre/føresette som utøver valden. Born definerast som ein person mellom 0-18 år. Det er vanleg at born og unge blir utsette for fleire typar vald. Det kan skje samtidig eller på forskjellige tidspunkt i oppveksten. For eksempel kan eit born som blir utsett for fysisk vald også oppleve trugslar, maktmisbruk, urimelege krav, manglande struktur eller grunnleggande trygghet. Å vere vitne til vald i heimen er også å betrakte som barnemishandling.

4.4.5 Omsorgssvikt

Fråvær av handlingar eller feil handlingar i forbindelse med omsorg for pleietrengande yngre eller eldre vaksne som fører til sviktande ivaretaking av personens fysiske behov, samt behov for stimulering, oppfølging og beskyttelse.

Omsorgssvikt mot barn kan vere knytt til fleire ulike forhold:

- Når barnet ikkje får dekkja sine behov:
 - Omsorgssvikt er når barnet ikkje får dekkja fysiske, psykiske eller kjenslemessige behov, og barnet ikkje får den omsorga og beskyttelsen det treng heime.
- Foreldra sine egne utfordringar:
 - omsorgssvikt kan skuldast problem hjå foreldra, eller det kan handle om alkohol- eller rusmisbruk eller kriminalitet.
 - Nokre born kan også oppleve at foreldra har ei så omfattande konflikt seg i mellom at omsorgssituasjonen blir skadelidande.
 - Nokre born kan oppleve å bli utsett for fysisk vald, eller dei kan oppleve at far, mor eller søsken vert utsette for vald.
- Meistrar ikkje grunnleggjande omsorg:
 - Nokre foreldre meistrar ikkje å gje den grunnleggjande omsorga som å gje godt stell, nok mat, nok klede. Barnet vert då sett i ein situasjon prega av vanskjøtsel.
 - Nokre foreldre utsett borna sine for psykisk mishandling, nokre forgrip seg seksuelt på eget born eller let andre vaksne forgripe seg seksuelt på barnet.

- Meistre born med særskilte behov:

- Einskilde foreldre kunne ha meistra born med vanlege omsorgsbehov, men meistarar ikkje born med særskilte behov som nedsett funksjonsevne, fysisk eller psykisk sjukdom.
- Born kan utvikle eget rusmisbruk eller andre utfordringar noko som kan gjere det vanskeleg for foreldra å ta godt nok vare på dei.

(Barne-, ungdoms-, og familiedepartementet 2023).

4.4.6 Kjærastevald

Ein kjærasterelasjon definerast som eit intimt, romantisk forhold og kan innebere alt frå seksuelle forhold mellom venner, dating og kjærastar. Spesielt unge er utsette for vald i desse relasjonane.

4.4.7 Latent vald

Personar som er utsett for vald lever ofte i frykt for at det skal gjenta seg. Dette kallast latent vald og kan vere like skadeleg for ein persons helse som konkrete valdshendingar.

4.4.8 Økonomiske overgrep

Forhindre ein person i å ha rådighet over eigen økonomi, nekte åtgang til eigen eller eventuelt felles bankkonto. Forhindre frå å ha inntekt, press til å vera avhengig av andre. Tvinge til å underskrive på lån eller testament.

4.4.9 Materielle overgrep og vald mot kjeledyr

Øydelegge materielle ting som er spesielt verdifulle for ein annan, inkludert kjeledyr og vald mot kjeledyr. Tvinge ein annan til å overføre verdigjenstandar eller eigendom til andre.

4.4.10 Nettovergrep/digital vald

Nettovergrep og digital vald inneberer at internett og mobiltenester kan misbrukast ved å trakassere, krenke, truge, utpresse, spreie privat informasjon og private bilete av andre, og til å syne eller direkteoverføre overgrep.

Digital vald er ikkje ein eigen form for vald, men eit samleomgrep for når ulike digitale plattformer er arena for vald og overgrep. Ved hjelp av digital teknologi kan ein effektivt skade, skremme, kontrollere, forfølge, overvake eller kontrollere andre.

Formar for digital vald:

- trugslar, ryktespreiing, trakassering og stygge meldingar via nettet (inkludert det som skjer i nettspele) eller mobiltenester.
- sporing, overvaking og kontroll eller stalking via mobil, sosiale media eller for eksempel kamera eller andre digitale hjelpemiddel i heimen.
- avlytting og overvaking av telefon, nettbrett og PC.
- å spreie, truge med å spreie eller presse nokon til å publisere private og/eller intime bilete og anna informasjon på nettet.
- å bli eksponert for seksualisert språk eller få tilsendt bilete og filmar med seksualisert eller valdeleg innhald.
- å bli pressa til å utføre seksuelle handlingar som posering, stripping, beføling og samleieliknande handlingar framom eit web- eller mobilkamera.
- direkteoverføring av overgrep på nettet, bestilling av slike overgrep eller digital spreieing av overgrepsmateriale – barn og ungdom er spesielt utsette for dette

- å hacke og/eller misbruke andre sine konti, profiler på nettet og i sosiale media. For eksempel i form av identitetstjuveri eller bedrageri ved å sende e-post og meldingar, ta opp lån i andre brukarars namn eller å slette konti.

(Nasjonal vegvisar ved vald og overgrep, dinutvei.no).

4.4.10.1 Særtrekk ved digital vald

Digital vald kan opplevast særleg belastande for den utsette. Det kan vera overgrep som skjer på nettet eller ufrivillig deling av intime bilete som spreiaast til eit ubegrensa tal menneskjer i uoverskodeleg framtid. Offeret og andre kan sjå eller lesa innhaldet på nytt og på nytt. På den måten tek overgrepet aldri slutt (Nasjonal vegvisar for vald og overgrep 2023).

4.4.11 Negativ sosial kontroll

Negativ sosial kontroll kan forståast som ulike formar for oppsyn, press, trugslar og tvang som utøvast for å sikre at enkeltpersonar lever i tråd med familiens eller gruppa sine normer eller verdiar. Det som kjenneteiknar negativ sosial kontroll er at den tek i frå eller avgrensar personen sin grunnleggjande rett til og bestemme over eige liv og framtid. Kontrollen er systematisk og kan bryte ned den enkelte sine rettar i høve norsk lov og barnekonvensjonen.

4.4.12 Tvangsekteskap

Eit ekteskap der minst ein av ektefellane har samtykka til ekteskap etter sterkt press, trugslar eller annan fysisk eller psykisk vald.

4.4.13 Kjønnsllestelse

Prosedyrar som inneber delvis eller fullstendig fjerning av dei ytre kvinnelege kjønnsorgan eller annan skade på kvinner sine kjønnsorgan utan medisinsk grunngjeving.

4.4.14 Æresrelatert vald

Vald som er utløyst av families eller gruppa sitt behov for å rette opp igjen ære eller vørndnad. Denne type vald førekjem oftast i familiar eller grupper der det forventast at individet innordnar seg kollektivt og der patriarkalske æresnormar står sterkt. Alle familiemedlemmane har ansvar for at familien og gruppa har eit godt rykte. Jenter og kvinner er mest utsett for denne typen vald fordi familiens eller gruppas ære er knytt til kontroll av kvinners seksualitet, og fordi uønskt åtferd kan påføre heile familien eller gruppa skam. Æresrelatert vald kan omfatte fleire typar vald som: negativ sosial kontroll, tvangsekteskap, å bli nedverdiga, truslar, utstøying og andre typar fysisk- og psykisk vald og drap (Kunnskapsdepartementet 2021 s. 8).



(henta frå pixabay.com)

5. Sårbare grupper

5.1 Kvinner

Undersøkingar viser at kvinner er meir utsett for grov vald enn menn (Justis- og beredskapsdepartementet 2021, s. 19).

5.2 Born og ungdom

Ei undersøking frå 2023 syner at 1 av 10 oppgjev å ha blitt utsett for alvorleg fysisk vald i barndommen av person i barnets omsorgssituasjon, som regel mor eller far. 1 av 10 rapporterte om omsorgssvikt og 1 av 5 rapporterte om å ha blitt utsett for ein eller annan form for seksuelt overgrep før fylte 18 år, her er det inkludert overgrep både frå foreldre, andre familiemedlemmar og personar utanfor familien (Augusti, E-M., 2023, kap. 9).

Born og unge er dessutan ekstra sårbare fordi dei er heilt avhengig av sine omsorgspersonar for å få oppfylt basisbehov som trygghet, tilknytning og oppleving av å høyre til. I tillegg har barn og unge avgrensa eller ingen moglegheit til å forstå eller seie i frå om handlingane dei vert utsette for.

5.3 Eldre

Sandmoe, A., Wentzel-Larsen, T. og Hjemdal O. K. (2017) har gjort ein studie på vald mot eldre. Studien indikerte at mellom 56.000 og 76.000 heimebuande pasientar hadde opplevd vald etter fylte 65 år. Studien synte at dei som hadde vore utsett for vald i yngre alder hadde større risiko for å oppleve vald i eldre alder enn dei som ikkje hadde vore utsett for vald tidlegare. Vidare synte studien at det er ein klar samanheng mellom u-helse, nedsett fysisk og psykisk sosial fungering og risiko for å bli utsett for vald. Det betyr at bebuarar i institusjon også sårbare for å bli utsett for vald.

5.4 Personar med fysisk og/eller psykisk funksjonsnedsetting

Personar med funksjonsnedsetting kan bli utsett for overgrep i forbindelse med hjelpesituasjon. Det kan vere overgrep får tilsette i pleie- og omsorgssektoren eller overgrep frå andre brukarar av tenestetilbodet eller i bu tilbod (eller institusjon). Dei er også ekstra sårbare for overgrep frå sine nærmaste fordi dei har behov for mykje praktisk hjelp og støtte frå partner, føresette eller annan familie. Mange med ei psykisk utviklingshemming kan også ha reduserte føresetnadar til å forstå eller seie i frå dersom dei vert utsette for vald eller overgrep (NOK 2023).

5.5 Menneskje med innvandrarbakgrunn

Undersøkingar frå SSB syner at menneskje med innvandrarbakgrunn er meir utsette for vald og overgrep enn resten av befolkninga. Undersøkinga syner vidare at risikoen for vald variera med opphavlandet og at eit fleirtal av brukarar i krisesenter er kvinner med innvandrarbakgrunn (Justis- og beredskapsdepartementet 2021 s. 20).

Det er rapportert om ein høgare del born som opplever meir alvorleg fysisk vald hjå born som har foreldre frå land utanfor Norden enn hjå born der begge foreldre er frå Noreg eller Norden (justis- og beredskapsdepartementet s. 19). Ofte er det glidande overgangar mellom såkalla oppdragarvald og barnemishandling.

5.6 Menneskje i aktiv rus eller med psykiske plagar

Menneskje i aktiv rus har større sjanse for å bli utsett for vald i nære relasjonar og større sjanse for å utsette andre for vald. Utfordringar med rus og psykiske lidningar heng ofte i hop. Rus kan også vere eit resultat av at ein har vorte utsett for vald eller overgrep (Justis og beredskapsdepartementet, 2014).

5.7 Vald mot dyr

Justis- og beredskapsdepartementet (2021, s. 35) beskriv at vald mot dyr ofte er ein del av valden i familien. I familiar som har kjæledyr vil vald, drap eller truglar mot dyret ha traumatiserande effekt og kunne bidra til å hindre eller utsette at valdsutsette oppsøker hjelp for seg sjølv og sine barn. Barn kan i tillegg utsette seg sjølv for stor fare ved å beskytte kjæledyret sitt mot vald.



(henta frå pixabay.com)

6.Satsingsområde

Det er valt to satsingsområde som er hovudfokus i planen. Dette er etter råd frå Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (2023). Det er tatt utgangspunkt i den nasjonale handlingsplanen «friheit frå vald» i sammen med lokale behov når ein har vurdert kva satsingsområde ein skal fokusere på. Vidare satsing for denne planperioden er:

- 1. førebyggjande tiltak**
- 2. avdekking av vald i nære relasjonar og likeverdige og samanhengjande bistand**

Tiltaka rettar seg i all hovudsak mot:

- sårbare born og unge
- sårbare vaksne
 - Eldre
 - Personar med nedsett fysisk og/eller nedsett psykisk funksjonsnivå
 - Personar med psykiske lidingar eller deira familiar
 - Personar i aktiv rus eller deira familiar

6.1 Allereie eksisterande tiltak i Lærdal kommune

6.1.1. Årleg undervisning med NOK (kompetansesenter om seksuelle overgrep)

Alle 6. klassar i Lærdal kommune får undervisning av NOK. I samarbeid med lærar og skulehelsetenesta pratar dei med elevane om: gode og vonde berøringar, gode og vonde følelsar, gode og vonde hemmelegheiter, kroppen vår, private område, grenser og sex, kva er incest, seksuelle overgrep og valdtekt, kva er porno, og kva ein kan oppleve på nettet, vald i heimen, rus i heimen, psykisk sjuke føresette, skilsmisse, kva skal ein gjere og kva hjelp finst om ein opplever noko vondt og vanskeleg, trygge vaksne, å vere ein besteven (NOK Sogn og fjordane s. 5). Det er NOK som tek kontakt med skulane for å avtale undervisninga kvart år.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Fysisk, psykisk og digital vald, seksuelle overgrep

Mål: Bidra til å auke kunnskapen til barn og unge og å styrkje dei til å seie i frå dersom dei sjølve eller andre opplever vald og seksuelle overgrep. Styrkje handlingskompetansen og kunnskapen til lærarar, helsesjukepleiarar og foreldre/føresette når det gjeld vald og seksuelle overgrep.

Målgruppe: Alle elevar i 6. klasse, lærarar, helsesjukepleiar og foreldre/føresette.

Ansvar: Skulehelsetenesta, kontaktlærar for dei enkelte klassane, NOK

6.1.2 Undervisning om kropp og seksuell helse i skulen

Helsesjukepleiarane har årleg undervisning om kropp, grenser og seksuell helse slik det står skreve i Nasjonalfagleg retningslinje for helsestasjons- og skulehelsetenesta (helsedirektoratet 2023). I tillegg til undervisning i 6. og 10. klasse arrangerer dei veke 6 for alle elevar på heile skulen. Tiltaket ligg i skulehelsetenesta sitt årshjul.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Fysisk vald, psykisk vald, digital vald, seksuelle overgrep

Mål: Styrkje born og unge sin kunnskap om kropp, kva som er greitt og ikkje greitt, kva ein skal gjere dersom ein opplever vald eller seksuelle overgrep.

Målgruppe: Alle born og unge i skulen

Ansvar: Skulehelsetenesta, kontaktlærar for dei enkelte klassane

6.1.3 Tverrfagleg undervisning i barnehagane

Politiet i Lærdal, Årdal og Aurland har teke initiativ til eit undervisningsopplegg for 5 og 6 åringane i barnehagen om vennskap, hemmelegheiter og kropp. Helsesjukepleiar og kommunepsykologen skal i forkant av opplegget vere med i barnehagen for å styrkje dei tilsette i å handtere ungane sine reaksjonar i etterkant av undervisninga. Undervisninga ligg i Politiet sitt årshjul og går fast kvar haust.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Fysisk vald, psykisk vald, seksuelle overgrep

Mål: Gje barnehagebarna kunnskap om kva som er lov og ikkje lov og at alle bestemmer over sin eigen kropp. Styrkje borna i å sei i frå viss dei opplever seksuelle overgrep.

Målgruppe: alle 5 og 6 åringar i barnehagane, barnehagetilsette

Ansvar: Politiet, styrar Lærdalsøyri barnehage, styrar Borgund barnehage

6.1.4 Undervisningsopplegget delbart

Politiet og skulehelsetenesta samarbeider om å ha undervisninga delbart? for barn, unge og deira foreldre/føresette frå 7. til og med 10. klasse. Undervisningsopplegget er utvikla av Kripos og handlar om spreiding av nakenbilete og å førebyggje seksuell utnytting av barn og unge på internett.

Undervisninga er forankra i politiet, skulehelsetenesta og skulane sitt årshjul. Kommunepsykologen er med å snakkar om konsekvensar av å få bilete sitt spreidd på internett. Les meir på:

<https://www.politiet.no/rad/trygg-nettbruk/delbart/>

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Psykisk vald, seksuelle overgrep, digital vald

Mål: bevisstgjere born, ungdom og foreldre/føresette på at det er ulovleg å spreie bilete, naken bilete og andre seksualiserte bilete på internett. Auke handlingskompetansen hjå born, unge og føresette.

Målgruppe: Born, unge, foreldre/føresette

Ansvar: Politiet, skulehelsetenesta, skulane

6.1.5 Politiråd og SLT koordinator

Lærdal kommune har etablert politiråd. Eit politiråd er eit formalisert samarbeid mellom øvste leing i kommunen og lokalt politi. Hensikta til rådet er at det skal vere eit strategisk organ for det lokale kriminalitetsførebyggjande arbeidet og at det skal vere ein arena for å sikre utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune. Politirådet møtast etter oppsett årshjul.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

Ansvar: SLT koordinator

6.1.5.1 SLT koordinator

SLT (samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak) koordinator jobbar med det lokale politirådet som styringsgruppe. SLT koordinatoren jobbar etter SLT modellen som skal bidra til å koordinere informasjon, kunnskap og ressursar mellom kommunale aktørar og politi, næringsliv og friviljuge organisasjonar. SLT koordinator i Lærdal kommune har eit 20 % engasjement ut 2023. Lærdal kommune må planleggje om og korleis funksjonen skal fortsetje etter engasjementsperioda til SLT koordinatoren er over. Les meir om SLT her: <https://konfliktraadet.no/slt-modellen/?highlight=slt>

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

6.1.6 Foreldrestøttande tiltak

Eit viktig satsingsområde for å førebyggje vald i nære relasjonar er foreldrestøttande tiltak-foreldrerettleiing. Dette er skissert i regjeringa sin handlingsplan, friheit frå vald (2021). Det er også vedteke i prosjektplanen til prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal» og skissert som eige tiltak i førebyggjande plan for barn og unge. Dei føreslegne tiltak der er COS-P til føresette til dei minste borna og TINT til føresette til større barn og ungdommar.

Ansvar: Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal», rådgjevar oppvekst

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

6.1.7 BTI- betre tverrfagleg innsats

BTI modellen er under utvikling i Lærdal kommune. Den skal sikre tidleg identifisering og oppfølging av utsette born og unge. Modellen skal nyttast av alle som arbeider med gravide, born, unge eller vaksne som er foreldre/føresette.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald.

Mål: Sikre tidleg identifisering og oppfølging av utsette barn og unge. Eit viktig mål ved tverrfagleg oppfølging er at den skal vere saumlaus og koordinert. Eit anna viktig mål er å sikre nødvendig handlingskompetanse hjå alle tilsette som arbeider med brukargruppa.

Målgruppe: Alle tilsette som arbeider med gravide, born, unge og vaksne som er foreldre/føresette i Lærdal kommune.

Ansvar: BTI koordinator/prosjektleder for «Tett på born og unge i Lærdal», kommunedirektør, rådgjevar oppvekst, rådgjevar helse, einingsleiar Lærdalsøyri skule, einingsleiar helse, einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, einingsleiar oppvekst Borgund.

6.1.8 Kurs for legevaktspersonell

Legevaktspersonell skal ha gjennomført kurs i akuttmedisin og i valds- og overgrepshandtering (Helsedirektoratet 2023). Dette kompetansekravet gjeld også vikarar. Det er utvikla eit eget kurs for legevaktspersonell på «oppvakt- opplæring på legevakt» som også nyttast her i Lærdal kommune, sjå lenkje: <https://kurs.uni.no/course/index.php?categoryid=2>

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald.

Ansvar: Legevaktsjef og einingsleiar helse

6.1.9 Førebyggjande heimebesøk til eldre

Lærdal kommune har etablert førebyggjande heimebesøk til eldre. Målet er å kunne setje i verk tiltak tidleg for å førebyggje sjukdom og skade og leggje til rette for at den eldre meistrar livet i størst mogleg grad sjølv. Dette er skissert som eit viktig tiltak for å i større grad kunne avdekke overgrep mot eldre (Barne- og likestillingsdepartementet 2016, s. 33). Helsedirektoratet har utarbeida rettleiarmateriell der det står om kartlegging av vald og overgrep som eget tema. Vald og overgrep bør kartleggjast systematisk i førebyggjande heimebesøk til eldre, også i Lærdal kommune. Les meir på: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/sykehjem-og-hjemmetjenester/forebyggende-hjemmebesok-i-kommunen#etablereforebyggendehjemmebesokikommunen>

Mål: Tidleg innsats. Førebyggje sjukdom og skade, leggje til rette for at dei eldre meistrar livet best mogleg sjølv.

Målgruppe: Alle heimebuande eldre over 75 år.

Ansvar: Einingsleiar pleie og omsorg


Kva type vald er tiltaket retta mot: Alle typar vald.

6.2 Satsingsområde 1: Førebyggjande tiltak, tidleg innsats og auka tverrfagleg samarbeid

Det er viktig å rette dei førebyggjande tiltaka mot eit så tidleg tidspunkt som mogleg. På den måten kan ein hindre at vald oppstår og korrigerer haldningar og begynnande valdeleg åtferd tidleg (Justis- og beredskapsdepartementet 2014 s. 9)

Førebyggjande tiltak skal vere Lærdal kommune sin fremste satsing når det gjeld vald i nære relasjonar. Dette er også i samsvar med regjeringa sin handlingsplan, friheit frå vald (justis- og beredskapsdepartementet 2021). God førebygging i alle livsfasar kan redusere behovet for meir inngripande tiltak seinare og vere samfunnsøkonomisk sparande. Førebygginga skal vere målretta, systematisk og rette seg mot innbyggjarar i alle aldrar- frå fødsel til alderdom. Nokre tiltak er universelle, andre tiltak rettar seg mot grupper eller einskildindivid. Hovudtyngda av dei førebyggjande tiltaka i Lærdal kommune er universelle eller selektive og har fokus på tidleg intervensjon, familiestøttande arbeid, undervisning til innbyggjarane, kompetanseheving hjå dei tilsette, system for samhandling mellom ulike aktørar, tilgjengeleg informasjon om tilbod og hjelpetjenester for innbyggjarane og å systematisk prate om tema i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Dei indikative tiltaka vil i all hovudsak liggje hjå politiet, barnevernstenesta og

spesialisthelsetenesta. Mange av dei beskrivne tiltaka som er retta mot gravide, barn, unge og deira familiar er skissert i «Førebyggjande plan for barn og unge» og i prosjektplanen «Tett på born og unge i Lærdal» og igangsett, men ikkje ferdig implementert.



(Figur er henta frå Barne-, ungdoms-, og familieetaten).

BRUKARORIENTERTE MÅL:

- Gjennom førebyggjande- og haldningsskapande arbeid og god informasjon om vald i nære relasjonar er målet å senke terskelen for at innbyggjarane får og ber om hjelp.
- Gjennom førebyggjande tiltak og tidleg innsats retta mot barn, ungdom og foreldre/føresette er målet å førebyggje at innbyggjarar i Lærdal kommune utøver vald og andre overgrep.

ORGANISATORISKE MÅL:

- Alle tilsette i Lærdal kommune skal ha klåre rutinar og system for å førebygge, avdekke og stoppe vald i nære relasjonar.

Nye førebyggjande tiltak på universelt nivå:

6.2.1. Tidleg inn – opplæringsprogram

Lærdal kommune har vedteke gjennom prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal» at kommunen skal få opplæringsprogrammet og implementere dette i kommunens arbeid. Det er planlagt at opplæringa skal skje frå hausten 2024. Tidleg inn er skissert som eit viktig førebyggjande tiltak i regjeringa sin handlingsplan «Friheit frå vald».

Meir om tidleg inn: <https://www.korusbergen.no/tidlig-innsats/tidlig-inn/>

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald.

Mål: Opplæringsprogrammet vil styrkje alle tilsette som arbeider med gravide og familiar med born frå 0-5 år i å oppdage mogleg risiko i familiare og sikre tidleg og kompetent hjelp gjennom tverrfagleg samarbeid. Ein stor del av opplæringa er opplæring i metodar og kartleggingsverktøy for å samtale om rus, psykisk helse og vald. Metodane skal integrerast i det daglege arbeidet og på den måten bli ei oppskrift for «korleis me jobbar i Lærdal».

Målgruppe: Svangerskapsomsorga, barnehagane, legetenesta, NAV, psykisk helse og rus, tannhelsetenesta, politi, barnevernstenesta og PPT.

Ansvar: Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal», einingsleiar for helse, einingsleiar for Lærdalsøyri barnehage, einingsleiar for oppvekst Borgund

6.2.2. Program for å styrkje det psykososiale miljøet i skulen

Det er nedfelt i kunnskapsløftet og i opplæringslova at ei av skulen si oppgåve skal vere å setje barn og unge i stand til å handtere livet, dette skal skje gjennom eit eige livsmeistringsfag i skulen. Tema som er høgst relevante i den samanheng er tema om vald, overgrep og korleis ein skal vere mot kvarandre. Lærdal kommune har vurdert fleire program for dette i skulen, men har ikkje landa på noko endå. Det skal takast ei avgjersle på kva retning ein skal gå før nytt skuleår hausten 2024.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Fysisk vald, psykisk vald, seksuelle overgrep, digitale overgrep

Mål: Å styrkje elevane sitt sjølvbilette, bidra til oppleving av å høyre til, gje trening i konstruktive meistringsstrategiar, auke kunnskapen om vald og overgrep hjå barn, unge og tilsette ved skulen.

Målgruppe: Alle tilsette og elevar i barne- og ungdomsskulen.

Ansvar: Einingsleiar Lærdalsøyri skule, einingsleiar oppvekst Borgund, rådgjevar for oppvekst

6.2.3 Tverrfagleg undervisning i skulen

Politiet har fastsett i sitt årshjul at dei skal ha undervisning til 5. og 8. klasse kvar haust. Det er igjennom tverrfagleg møte på Lærdalsøyri skule bestemt at barnevernstenesta og skulehelsetenesta skal samarbeide med politiet om denne undervisninga. Hensikta er at politiet, barnevernstenesta og skulehelsetenesta har mykje kunnskap om dei same tinga, men med ulik tilnærming. På den måten kan dei utfylle kvarandre. Det er også eit mål å ufarleggjere tenestene og vise seg samla til barne- og ungdomsgruppa. Det er politiet som bestemmer tema til denne undervisninga og tema kan variere ut i frå behov i klassane. Eksempel på tema er: Vald, overgrep, rus, korleis skal me vere mot kvarandre.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

Ansvar: Politiet, skulehelsetenesta, barnevernstenesta.

6.2.4 I trygge hender- førebygging av vald i nære relasjonar og filleristing av baby

«I trygge hender» er utvikla for helsesjukepleiarar til å systematisk førebyggje, avdekke og hindra vald og består av ein animasjonsfilm og eit rettleiingshefte. Filmen skal brukast systematisk og visast så tidleg som mogleg på heimebesøk, 4 veker eller 6 vekers konsultasjon. Rettleiingshefte inneheld spørsmål og tema som helsesjukepleiar kan nytte i samtale med foreldre/føresette undervegs i eller etter filmen. Det er trekt fram i regjeringa sin handlingsplan, friheit frå vald (2021) at alle vordande eller nybakte foreldre bør få informasjon om filleristing av baby og konsekvensane av dette.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Fysisk vald, psykisk vald, filleristing av spedbarn, born som er vitne til vald

Mål: Systematisk ta opp og snakke om temaet vald i nære relasjonar på ein kunnskapsbasert måte med alle nybakte foreldre/føresette. Slik at vald i nære relasjonar kan førebyggjast og hindrast.

Målgruppe: Alle nybakte foreldre/føresette i Lærdal kommune, helsesjukeleiar og lege i helsestasjonen

Ansvar: Helsesjukepleiar i helsestasjonen, einingsleiar helse

6.2.5 Undervisningsprogramma «Eg veit», «Snakke med» og «Trygg til handling»

«Eg veit» er ein kunnskapsbasert digital læringsressurs som ein kan nytte til å lære born om vald, overgrep, mobbing og barns rettigheitar. Læringsressursen kan nyttast i frå barnehagealder og heilt opp i vidaregåande skule. Innhaldet er forankra i rammeplan for barnehagar og i skulen sitt

læreplanverk. Ressursen er gratis og kan nyttast av alle som jobbar med barn og ungdom. Les meir på: <https://www.jegvet.no/>

«Snakke med» er utvikla av RVTS (dei regionale ressursentera om vald, traumatisk stress og sjølv mordførebygging). Dette er eit digital snakkesimulator som har som mål å auke kompetansen i å gjennomføre vanskelege samtalar med barn og unge ein er bekymra for. I tillegg er det også inkludert tilpassa undervisningsopplegg for barnehagar og skular. «Snakke med» er gratis og kan nyttast av alle som jobbar med barn og unge. Les meir på: <https://www.snakkemedbarn.no/>

«Snakke med» og «Eg veit» er også skissert som eit viktig satsingsområde i regjeringa sin handlingsplan «Friheit frå vald» (2021).

«Trygg til handling» er utvikla av RVTS og er ein læringsressurs som skal gje meir kunnskap om kva vald og seksuelle overgrep er, kva konsekvensar det har og korleis ein kan snakke med dei ein er bekymra for. Ein treng ingen spesiell bakgrunnskunnskap for å nytte programmet. Les meir på: <https://rvtsvest.no/trygg-til-handling/>

Lærdalsøyri barnehage har allereie nytta «Eg veit» og «snakke med». Det er eit mål for Lærdal kommune at skulane, barnehagane og helsestasjons- og skulehelsetenesta har desse programma inkludert programmet «Trygg til handling» regelmessig på agendaen i det daglege arbeidet og jobbar systematisk med desse læringsressursane fast 1-2 gonger i året. Prosjektleder for «Tett på born og unge» har teke initiativ til dette og engasjert kommunepsykolog Mads Rekve til å vere med på fagdage/personalmøta som rettleiar.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Fysisk vald, psykisk vald, seksuelle overgrep, digital vald.

Mål: Gjere alle tilsette i skule og barnehage trygge på å snakke med barn og unge om vald og overgrep. Opplæringa skal vere systematisk og ikkje tilfeldig slik at verktøya vert ein ressurs i det daglege arbeidet med born og unge.

Målgruppe: Alle tilsette i skule, barnehagar, helsestasjonen og skulehelsetenesta. Alle born i barnehagar og i skulane.

Ansvar: Einingsleiar for oppvekst Borgund, styrar Borgund barnehage, einingsleiar for Lærdalsøyri skule, einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, prosjektleder for «Tett på born og unge i Lærdal», rådgjevar oppvekst. Prosjektleder for Tett på skal vere initiativtakar til opplæringa.

6.2.6 Foreldrenettverk

Politiet i Lærdal, Årdal og Aurland har teke initiativ til å starte foreldrenettverk i kommunen. Eit foreldrenettverk skal leggje til rette for at foreldre vert kjende med kvarandre og med elevane i klassen. Hensikta med eit foreldrenettverk er at det kan virke førebyggjande på fleire plan: auka trivsel for elevar og foreldre, auka tilknytning til skulen, utvikle felles normer og reglar i foreldregruppa, samtale om trendar i barne- og ungdomsmiljøet. Foreldrenettverket kan vere ein arena der ein kan drøfte konflikthandtering i heimen, dele erfaringar med kvarande, få tips, råd og støtte frå andre foreldre. Foreldrenettverket kan også vere ein arena for andre instansar i vere med å dersom det er spørsmål, utfordringar osv. foreldregruppa vil ha rettleiing på. Les meir på:

https://foreldreutvalgene.no/fug/foreldrenettverk-i-skolen/?gclid=EAlaIQobChMI14fRw-io_gIVEOHVCh0glw7ZEAAYASAAEgJSQPD_BwE

Lærdal kommune skal starte med foreldrenettverk frå hausten 2023 i fyrste klasse.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

Mål: Etablere samhold og fellesskap i foreldregruppa. Vere ein arena for erfaringsdeling, etablering av felles normer og reglar i foreldregruppa.

Målgruppe: Alle foreldre med born i skulen.

Ansvar: Politiet, prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal»

6.2.7 Kompetanseheving

Lærdal kommune vil satse på kompetanseheving om tema vald og overgrep retta mot gravide, born, unge, familiar, sårbare vaksne, eldre og personar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne i denne planperioden.

Born og unge

Lærdal kommune har satsa på førebyggjande tiltak retta mot barn og unge gjennom prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal» og BTI (betre tverrfagleg innsats). Alle dei skisserte tiltaka retta mot born og unge er allereie skissert i planane knytt til desse prosjekta og i plan for det førebyggjande arbeidet i Lærdal kommune. Som BTI kommune har Lærdal ei samarbeidsavtale med RVTS, KORUS og RKBU.

KORUS har i mars 2023 gjennomført ei BTI undersøking i kommunen blant alle tilsette som jobbar med gravide, born, unge og vaksne som er foreldre/føresette. Igjennom undersøkinga vart det blant anna kartlagt kva kunnskap og handlingskompetanse dei tilsette har når det gjeld vald, overgrep, psykiske utfordringar hjå born og foreldre og rusmiddelbruk. Desse tema peika seg ut som område Lærdal kommune bør leggje til rette for kompetanseheving om. Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal» skal vere pådrivar og koordinator for dei ulike kompetansehevingstiltaka.

I samarbeid med kompetansesentera og kommuneleiiing vil det bli vurdert kva tiltak som skal setjast i verk når. Opplæringsprogrammet «Tidleg inn» vil bidra til auka kompetanse blant dei som arbeider born frå 0-5 år.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald.

Mål: Auke handlingskompetansen hjå alle som arbeider med gravide, born, unge og vaksne som er foreldre/føresette. Sikre tidleg innsats hjå sårbare barn og unge.

Ansvar: Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal», Rådgjevar oppvekst, einingsleiar helse, einingsleiar Lærdalsøyri skule, einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, einingsleiar oppvekst Borgund, styrar Borgund barnehage.

Sårbare vaksne

Risikoen for å oppleve vald aukar viss ein har ulike hjelpebehov, psykisk uhelse, psykiske lidningar, funksjonsnedsettingar og/eller er i aktiv rus. Det gjer til at nær alle i befolkninga frå tid til annan er ekstra sårbare for å bli utsette for vald i nære relasjonar. Eldre og menneskje med funksjonsnedsettingar er ekstra utsette fordi dei i tillegg kan ha reduserte føresetnadar for å forstå og melde i frå om overgrepa og fordi dei i mange samanheng er heilt avhengig av andre for å ivareta heilt grunnleggjande behov. Lærdal kommune vil satse på auka kompetanse om vald i nære relasjonar og handlingskompetanse hjå alle tilsette som jobbar i sjukeheim, NAV, bu og miljøtenesta, heimeteneste og fastlegetenesta.

Me vil samarbeide med dei nasjonale og regionale kompetansesentera om detta. Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal» og rådgjevar for helse har etablert kontakt med kompetansesenteret RVTS og er i gang med planlegging av aktuelle tiltak.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald.

Mål: Auke dei tilsette sin bevisstheit, kunnskap og kompetanse om vald i nære relasjonar. Nytte kunnskapen i det dagelege arbeidet og kunne kjenne til teikn, symptoma, risikofaktorar. På den måten kunne førebyggje hendingar og/eller iverksette tidleg innsats. Tema om vald i nære relasjonar bør inn i fast møteplan og vere tema på personalmøte minst ei gong i året.

Målgruppe: Alle tilsette i pleie- og omsorg, alle tilsette i bu og miljøtenesta, fastlegar, NAV

Ansvar: Rådgjevar for helse, einingsleiar for omsorg og einingsleiar for bu og miljø

6.2.8 Dinutvei.no

Nettsida dinutvei.no er ei hjelpeside og nasjonal vegvisar ved vald og overgrep til utsette, pårørande og valdsutøvar. På sida finn ein oversikt over råd, rettleiing og hjelpetilbod dersom ein er utsett for eller brukar vald mot andre. Les meir på: <https://dikutvei.no/>

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald.

Mål: Gjere alle tilsette og innbyggjarar i Lærdal kjende med nettsida. Gjere nettsida tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.

Ansvar: rådgjevar oppvekst og rådgjevar helse

6.2.9 Nettside med informasjon om hjelpetilbod og tenester i kommunen

For barn og unge:

Det er eit mål å senke terskelen for alle innbyggjarar og tilsette i Lærdal kommune til å søkje hjelp dersom dei sjølv opplever vald i nære relasjonar eller dersom dei trur at nokon dei kjenner opplever vald i nære relasjonar.

I forbindelse med at Lærdal kommune er BTI kommune skal det opprettast ei slik nettside for barn og unge. På denne sida skal det vere oversikt over korleis ein som barn og unge eller innbyggjarar forøvrig kan gå fram dersom dei sjølv vert utsett for eller trur at nokon dei kjenner vert utsett for vald i nære relasjonar. Det skal også vere ein eigen handlingsrettleiar for tilsette i kommunen som dei skal nytte dersom dei er bekymra for eit born. I tillegg skal alle interne og eksterne hjelpetilbod samlast på ein stad, slik at det vert enklare for tilsette og innbyggjarar å få oversikt over og ta kontakt med rett hjelpeinstans.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

Ansvar: Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal»

For vaksne

Det er pr. no ingen samla oversikt over hjelpetenester til vaksne i Lærdal kommune. Det bør opprettast ei eigen side for dette som ligg lett tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

Mål: Senke terskelen for alle innbyggjarar og tilsette i Lærdal kommune for å søkje hjelp.

Ansvar: Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal»

6.2.10 Informasjon om vald i nære relasjonar til befolkninga

Informasjon om vald i nære relasjonar, hjelpetilbod og «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» må gjerast lett tilgjengeleg for alle innbyggjarar i Lærdal kommune gjennom:

- Kommunen sine nettsider
- Gjennom media – Lokalavis

6.2.11 Ta opp tema vald i nære relasjonar på personalmøte eller fagdagar minst ei gong i året
Alle einingar som jobbar med menneskje i Lærdal kommune skal ha temaet vald i nære relasjonar på agendaen minst ei gong i året.

Mål: Auke fokuset på og kompetanse om vald i nære relasjonar hjå alle tilsette i Lærdal kommune.

Ansvar: Einingsleiarane for dei respektive einingane.

Nye selektive førebyggjande tiltak:

6.2.12 Trafikklysmodellen og seksuelladferd.no

Seksuelladferd.no og trafikklysmodellen er ressursider for fagpersonar om seksuell åtferd. Alle som jobbar med born og unge kjem frå tid til annan borti born og unge med seksuell åtferd som ein bekymrar seg for. Trafikklysmodellen er ein modell som syner kva seksuell åtferd som er normal og kva seksuell åtferd som er bekymringsverdig. Bekymringsverdig seksuell åtferd hjå barn og unge kan vere eit symptom på at dei sjølv vert utsett for eller er vitne til vald, overgrep eller omsorgssvikt. Det krev at vaksne er trygge på kva som er bekymringsverdig seksuell åtferd og ikkje, og kan iverksette føremålstenlege tiltak. Les meir på: <https://www.seksuellatferd.no/>

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Seksuelle overgrep.

Mål: I likskap med «Eg ser», «Snakke med born» og «Trygg til handling» bør «Trafikklysmodellen» og «seksuaelladferd.no» systematisk setjast på agendaen til personalgruppa i skule og barnehage ei gong i året. Målet er at alle tilsette skal verte trygge på kva dei ser og korleis dei kan handle dersom dei ser noko som skapar bekymring.

Målgruppe: Alle tilsette i barnehagane og skulane samt helsestasjons- og skulehelsetenesta

Ansvar: Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal», einingsleiar Lærdalsøyri skule, einingsleiar Lærdalsøyri barnehage, einingsleiar oppvekst Borgund, styrar Borgund barnehage

6.2.13 TryggEst

Lærdal kommune bør vurdere å bli ei TryggEst kommune. TryggEst er ein modell som er utvikla for å hjelpe kommunen med å i vare ta dei mest risikoutsette vaksne innbyggjarane. TryggEST skal sikre rett innsats til rett tid og hjelper tenestene med å koordinere oppfølginga. Dessutan vil etablering av TryggEST gje eit kontaktpunkt i kommunen der både privatpersonar og kommunale tenester kan vende seg. Slik det er i dag er det ingen som har eit klart ansvar i å ta i mot bekymringar som ikkje trugar liv eller helse. TryggEST skal gje forutsigbarheit, og betre livskvaliteten for dei som opplever eller har opplevd vald eller overgrep.

Modellen skal bidra til å førebyggje, avdekke og handtere vald og overgrep mot risikoutsette vaksne og syner korleis kommunen bør organisere arbeidet. TryggEst er utvikla som eit forenkla system der målet er å senke terskelen for å melde i frå om vald og overgrep. Modellen er lyfta fram som eit satsingsområde i den nasjonale handlingsplanen «Fri frå vald» (2021).

TryggEst har som mål å:

- avdekke eller forhindre overgrep mot vaksne som i liten eller ingen grad er i stand til å beskytte seg sjølv.
- vera eit forenkla og samla system som skal senke terskelen for å melde i frå om overgrep.
- sikre rett innsats til rett tid. Det skal gje forutsigbarheit, og betre livskvaliteten for dei som opplever eller har opplevd vald eller overgrep.
- byggje kompetanse om vald og overgrep i kommunen

- setje eit auka fokus på vald og overgrep til:
 - Tilsette. Fører til auka kompetanse. Lettare å identifisere, følge opp og stoppe valden
 - Resten av innbyggjarane. Gjer det lettare å be om hjelp sjølv.

Kva skal til for å bli TryggEST kommune?

Kommunen må opprette eit TryggEst leiar team og eit TryggEst operativt team med ein TryggEst koordinator. TryggEst operativt team skal vere kommunens kontaktpunkt når det gjeld vald og overgrep. Ein kan ta kontakt med teamet både når ein er bekymra for ein person eller om ein sjølv er utsett for vald eller overgrep. Ein treng ikkje å vere sikker på at det ein har opplevd, eller trur nokon andre opplever, er ulovleg for å melde frå. Det er viktig at ein tar kontakt, slik at ein sjølv eller andre kan få hjelp.

TryggEst leiarteam:

Ansvar: overordna ansvar, strategiske val, forankring

- Oppnemnst av anten kommunestyret, kommunedirektør, eller leiing av helse og velferd
- Medlemmar: helse, sosial, politi, folkevalt (eks. politirådet)
- Anbefalingar: Teamet kan organiserast som eit fast utval oppnemnt av kommunestyret. Bufdir anbefala eget leiarteam, men i nokre tilfelle kan leiarteam og operativt team settast saman til eitt team.

Arbeidsoppgåver til eit TryggEst team:

Ansvar: ta i mot og vurdere saker, fordele ansvar, sikre at alle meldingar vert vurdert og behandla, rapportere til Bufdir og leiarteam.

- Utvelgast av TryggEst-leiarteam og respektive leiarar
- Medlemmar: TryggEst koordinator (leiar av teamet), medlemmar frå aktuelle tenester, medlemmer frå aktuelle team
- Verktøy: nettsida tryggest.no, verktøy for risikovurdering, TryggEST handlingsretteleiar
- Rapportere til Bufdir kvart halvår.

Som TryggEst kommune får kommunen hjelp til:

- Kompetanseoppbygging av TryggEst team og TryggEst koordinator
- Hjelp til kompetanseheving til dei tilsette
- Tilgang til bestillingsside for informasjonsmateriell og profileringsmaterieill
- Deltaking på nettverkssamling med andre TryggEst kommunar
- Erfaringsutveksling med andre kommunar

Tilskot:

Lærdal kommune bør søkje tilskot til å bli TryggEst kommune.

Ein kan søkje tilskot til:

- Deltaking på aktuelle kurs eller utdanningar som vil gje auka kompetanse kom understøttar TryggEst i kommunen.

- Planlegging og gjennomføring av lokale kurs/fagdagar/personalsamlingar
- Utarbeiding av lokalt informasjonsmateriell (brosjyrar, filmar, nettbasert informasjon og liknande)
- Gjennomføring av kurs/samtalegrupper for målgruppa
- Tiltak for å gje informasjon til innbyggjarar i kommunen om TryggEst

Det vert ikkje gjeve midlar til å drifte TryggEst i kommunen. Det må kommunen sjølv setje av midlar til.

Lenkje til søknadsportal: <https://www.bufdir.no/tilskudd/tryggest/>

Les meir om TryggEst her: <https://www.bufdir.no/vold/tryggest/>

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald.

Ansvar: Rådgevar helse, prosjektleiar «Tett på born og unge i Lærdal», SLT koordinator

6.2.14 Tverrfaglege drøftingsteam/BTI team

Som ein del av BTI bør det opprettast eit eige BTI-team. Eit BTI-team er eit tverrfagleg rettleiings- og konsultasjonsteam som kan nyttast av tilsette i barnehage, skule og andre kommunale tenester der ein kan drøfte ei problemstilling anonymt eller med samtykke. Hensikta med eit BTI-team er å hjelpe til med å sjå familiens totale behov på den måten sikre rett hjelp tidlegast mogleg.

Mål: Rettleie tilsette slik at barnet og familien får rett hjelp til rett tid.

Kva type vald er dette tiltaket retta mot?: Alle typar vald

Ansvar: Prosjektleiar for «Tett på born og unge i Lærdal».

6.3 Satsingsområde 2: Avdekking av vald i nære relasjonar og likeverdige og samanhengande bistand

Vald kan ramme den utsette på mange ulike områder i livet og påverke dagleglivet og livskvaliteten betrakteleg. I verste fall kan vald i nære relasjonar ende med drap. Mange som er utsett for vald eller overgrep treng tenester frå mange ulike instansar samtidig og over lang tid. Det er viktig for Lærdal kommune at innbyggjarane får lik, systematisk og kunnskapsbasert hjelp og at dei tilsette i Lærdal kommune har nok kunnskap og er trygge nok i situasjonen til å handle føremålstenleg. Å beskytte og hjelpe den utsette krev eit effektivt samarbeid på tvers av etatar, lokale og regionale myndigheiter og frivillige organisasjonar. Mange som er utsett for vald i nære relasjonar, spesielt born og unge har ikkje moglegheit til å sjølv søkje nødvendig hjelp på eigenhand. Dei er prisgitte at tilsette i helsestasjon, legetenesta, skular og barnehagar er i stand til å fange- og følgje opp teikn og symptom på vald i nære relasjonar når omsorgspersonane sviktar. Dette gjeld også mange vaksne som er utsette for vald eller overgrep som av mange årsaker ikkje kan eller tørr å søkje hjelp på eigenhand. Spesielt sårbare vaksne er som nemnt tidlegare eldre, menneskje med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsnivå eller vaksne som av ein eller anna grunn har behov for hjelp anten av offentlege tenester eller pårørande.

Alle tilsette må «våge å sjå, for å våge å handle».

BRUKARORIENTERTE MÅL:

- Dei som opplever eller står i fare for å bli utsett for vald i nære relasjonar skal få den støtte og hjelp dei treng for å få eit trygt liv utan vald.

ORGANISATORISKE MÅL:

- Alle tilsette i Lærdal kommune skal ha klare rutinar og system for å førebygge, avdekke og stoppe vald i nære relasjonar.

6.3.1 System for likeverdig og samanhengande bistand

Born og unge- BTI

Når det gjeld born og unge har Lærdal kommune BTI modellen som sikrar tidleg innsats, systematisk og lik oppfølging til brukargruppa. Då Lærdal kommune er heilt i startfasen med å implementere BTI i dei ulike einingane er det viktig at einingane har prosedyrar uavhengig av BTI som sikrar tidleg identifisering og oppfølging av sårbare barn og unge.

Vaksne og sårbare vaksne- TryggEst

Lærdal kommune har endå ingen system som sikrar systematisk og lik oppfølging til denne brukargruppa. TryggEst som er skissert som eit førebyggjande tiltak vil sikre dette.

6.3.2 Rutinar og prosedyrar i dei ulike einingane

Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 seier:

«Kommunen skal ha særlig oppmerksomhet rettet mot at pasienter og brukere kan være utsatt for, eller kan stå i fare for å bli utsatt for, vold eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstjenesten blir i stand til å forebygge, avdekke og avverge vold og seksuelle overgrep.»

Alle som jobbar pasient- eller brukarnært bør ha rutinar for å systematisk kartleggje, avdekke og følge opp ved teikn på vald eller overgrep. Gode rutinar er heilt avgjerande for å kunne identifisere og avdekke vald i nære relasjonar. Nokre av tenestene har nedfelt dette i overordna retningslinjer, andre ikkje. Der det ikkje er beskrive i overordna retningslinjer for tenesta kan ein ta utgangspunkt i NKVTS sin valdsrettleiar når ein utarbeider interne rutinar:

<https://voldsveileder.nkvts.no/innhold/vold-og-overgrep-mot-voksne-og-eldre/voksen-eldre-utrede/hvordan-snakke-om-vold-utsatt/>

Ansvar: Einingsleiar for helse, bu og miljø, pleie og omsorg, barnehagane og skulane.

6.3.2.1 Tenester med allereie eksisterande retningslinjer

Svangerskapsomsorga

Om lag fire prosent av gravide i Noreg har vore utsett for vald i svangerskapet (Barne- og likestillingsdepartementet, 2016 s. 32).

